



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Endring av reguleringsplan for Vik – Eigedom 17/309

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid etter forenkla prosess

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Hemar Prosjekt AS søker på vegne av Bjarne Brekke AS om reguleringsendring etter forenkla prosess for detaljreguleringsplan VIK GNR17 BNR309, jamfør plan og bygningslova § 12-14.

Reguleringsplan for Vik vart vedtatt i 2014. Plana opnar for to delområde for bustadblokker, to leikeplassar og ein samleveg gjennom feltet.

Då det har vist seg at interessa for denne type bueiningar har vore låg, har forlagstillar sett på eit mindre utbyggingskonsept. Føreslegne endringar omfattar:

- Blokk blir endra til eit område med konsentrerte bygningar (firemannsbustad og to område med frittliggande bustader). Det maksimale tal bueiningar blir endra frå 36 bueiningar til 20 bueiningar.
- Endring av veg: Plassering av vegen blir flytta og blir lagt meir midt i området slik at alle bygningane får direkte tilkomst til denne.
- Plassering av leikeplassane blir justert. o_BUL2 skal ha ein nærleikeplassfunksjon og o_BUL1 skal ha ein kvartalsleikeplassfunksjon.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Vi er samd med kommunens førebelse vurdering når det gjeld endring av tilkomstveg, nedskalering av bustadeiningar og endring av leikeplassane. Vi har ikkje vesentlege merknader til at ein gjennomfører dette etter forenkla prosess, jamfør plan og bygningslova § 12-14.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Ved endring av reguleringsplan gjeld same vilkår som for utarbeiding av ny plan, jf. plan- og bygningslova § 12-14. Kravet om ROS-analyse slår derfor inn ved endringar i plan. Mellom anna fordi ein må føresette at endringar av eksisterande plan kan føre til endringar i risiko og sårbarheit. Det kan òg ha kome til ny kunnskap om potensiell risiko og sårbarheit som planen må avklare og eventuelt følgje opp gjennom plankart og -føresegner. Til dømes viser kommunen til ein kvikkleirerapport frå NVE gjennomført i 2019. Denne viser at det ikkje er fare for områdekred av kvikkleire, men området er viktig for geteknisk vurdering med omsyn til lokalstabilitet.

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Eventuelt må ein gå gjennom og oppdatere eksisterande ROS-analyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein [rettlei](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

STATENS VEGVESEN

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest

Fylkeshuset

Postboks 8142 Dep

Naustdalsvegen 1b

6404 Molde

0033 OSLO

6800 FØRDE